



Tippetue Arkitekter AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2479 - 19/7990

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
09.04.2019

Varsel om dokumenttilsyn - Tilsyn etter gitt ferdigattest - gbnr 23/509 - Løypetona

Tiltak: Tilsyn etter gitt ferdigattest
Byggjestad: Gbnr: 23/509
Tiltakshavar: JM Norge AS
Ansvarleg søkjar: Tippetue Arkitekter AS

Meland kommune viser til gitt ferdigattest for utomhusarealet i Lypetona, felt B2, gbnr. 23/509, datert 26.1.2017, sak 14/2479.

Regelverk:

Kommunen skal føre tilsyn med at plan- og bygningslova vert overhalde i kommunen, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 25-1 første ledd. Tilsyn kan førast i inntil fem år etter at ferdigattest er gitt, jf. § 25-2. Etter byggesaksforskrifta (SAK10) § 1-3 første ledd kan kommunen krevje alle dei opplysningane som er naudsynte for tilsynet.

Ansvar:

Følgjande føretak er blant dei som har erklært ansvar, for utearealet:

- PRO arkitektur: Tippetue Arkitekter AS
- PRO uteareal/landskapsutforming og vassforsynings-, avlaups- og fjernvarmeanlegg: Haugen VVA AS
- UTF grunn- og betongarbeid og utvendig røyrlarbeid: Drange Maskin AS

Alle føretak som erklærer ansvarsrett skal ha rutiner innanfor eige ansvarsområde for å sikre at krav i eller i medhald av pbl vert oppfylt, jf. SAK10 kapittel 10.

Tema for tilsynet:

Kommunen har tidlegare vore i dialog med JM Norge v/Stian Raunehaug, der vi gjorde merksam på at løyve til opparbeiding av utomhusarealet for B2 inneber at det skal vere 27 parkeringsplassar og ein HC-parkering på området. Dette er i samsvar med reguleringsplanen sitt krav på 1,5 parkeringsplass pr. bueining for tomannsbustadane. Etter synfaring i området kan ikkje kommunen sjå at det er opparbeida parkeringsplassar i samsvar med gitt løyve. Vi har ikkje fått tilbakemelding frå JM Norge på kva som har skjedd.

Kommunen vil foreta ein nærare gjennomgang av aktuell dokumentasjon når det gjeld prosjektering og utføring av utomhusarealet, med tanke på om det er prosjektert og opparbeida tilstrekkeleg parkeringsplassar.

På bakgrunn av det ovannemnde vil kommunen ha eit møte med ansvarleg søkjar og JM Norge AS, der vi går gjennom dokumentasjon på prosjektering og utføring av opparbeiding av utomhusarealet, med fokus på antal parkeringsplassar, samt renovasjonsløyvinga for eigedomen.

Tidspunkt: 2. mai 2019 kl 13:00, Meland rådhus. Ta med all naudsynt dokumentasjon på prosjektering og utføring av utomhusarealet.

Partar: Representant frå Tippetue Arkitekter AS, JM Norge AS og Meland kommune. Gi kommunen tilbakemelding på e-post seinast innan 30. april 2019 om kven som stiller frå ansvarleg søkjar og tiltakshavar.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Drange Maskin AS
Haugen Vva AS
Tormod Leknessund

Smøråsvegen 22 5238
Kanalveien 5 5068
Løypetona 86 5918

RÅDAL
BERGEN
FREKHAUG

Mottakere:

Jm Norge AS

Tippetue Arkitekter AS

Postboks 453 1327

Sandviksbodene 5 5035

LYSAKER

BERGEN